

# Workshop

Munnleg begynneropplæring -  
Den profesjonelle alfabetiseringslæraren  
Sandefjord 19-21.september 2012

# Smultringen

- Deltakarane står i to konsentriske sirklar
- Læraren stiller spørsmål eller deltakarane spør/intervjuar kvarandre
- Læraren gir ytste sirkel instruksjonar om å bevege seg til høgre eller venstre forbi et visst tal studentar i inste sirkel



# (Verdi)Linja

- → Finn ein plass på linja
- alfabetisk
- etter fødselsdato
- etter kor mange tanter ein har
- etter kor lang veg ein har til skulen
- etter kva ein meiner om eit emne

# Rundt bordet

- Deltakarane sit i grupper
- Dei får ei oppgåve som kan ha fleire svar
- Kvar deltakar gir sitt svar rundt bordet
- Dei som ikkje veit kva dei skal svare, seier pass
- Tempo er viktig

# Raske Robin

- Deltakarane jobbar i par og seier eitt ord kvar innafor eit tema
- Deltakarane skifter partner og gjer det same ein gong til
- Tempo er viktig

# Ressurshjørner

- Læraren fortel kva hjørna presenterer
- Deltakarane stiller seg i "sitt" hjørne
- Deltakarane fortel kvifor dei valte dette hjørnet eller diskuterer eller finn argument for eller mot eit tema
- "Hjørnene" presenterer sine synspunkt for kvarandre

# Miks- par - svar

- Læraren seier "Miks" og deltakarane sirkulerer i rommet
- Læraren seier: "Finn ein partner"
- Alle lagar par med den nærmaste
- Læraren stiller eit spørsmål og gir tenketid
- Partnerane deler kunnskap og diskuterer
- Når tida er ute seier læraren: "Miks" og deltakarane sirkulerer igjen
-

# Reis deg – set deg

- Læraren fremmer ein påstand
- Deltakarane reiser seg om det stemmer
- Læraren fremmer ein ny påstand
- Dei det gjeld for blir ståande
- Dei andre set seg



# Ein for alle

- Deltakarane gir seg sjølvnummer frå 1-4
- Læraren stiller spørsmål og gir tenketid
- Deltakarane diskuterer, hjelper kvarandre og forsikrar seg om at alle kan svare
- Læraren seier eit nummer. Deltakaren med dette nummeret blir bedt om å svare. Deltakarar frå andre grupper med same tal, kan supplere svaret

# Varm stol

- Ein av deltakarane sit på ein stol
- Ho tenkjer på ein spesiell person, ein stad eller ein ting
- Dei andre stiller spørsmål gjettar kven ho"er", eller kva ho tenkjer på

# Parsjekk

- Lærer stiller spørsmål (Kva er dette? Kva gjer ho? Kva ser du på bildet?)
- Alle diskuterer med sidepersonen/gruppa før dei svarar

# Intervju

- Tre deltakarar utgjer ei gruppe
- To er journalistar og ein er intervjuobjekt
- Intervjuobjektet reiser seg
- Journalistan sit og stiller spørsmål
- Deretter byter dei

# Gjer det eg seier...

- Fargelegg bilete
- Finn...
- Hent...

# Dele ordet

- Deltakarane lagar ei forteljing eller fortel om ei felles oppleving ved å seie eitt ord eller ein setning kvar

# Tale på tid

- Deltakarane arbeider i gruppe eller par
- Dei får oppgitt emne og tid
  - til dømes to minutt: Fortel om familien din
- Ein snakkar om gongen
- Eventuelt: konstruktiv kritikk og vurdering